

VEGLEIAR TIL UTFYLLING AV SØKNADSKJEMA

Generelt om søknad

Søknad om IP skal fremjast skriftleg. Søknaden er ikkje offentleg, og vil verte konfidensielt handsama.

Jmf. Forvaltningsloven § 11. Søkjer finn brosjyre om IP her:

<http://www.helsedirektoratet.no/helse-ogomsorgstjenester/habilitering/rehabilitering/individuell-plan>

1. Personopplysningar:

- Fullstendig namn, personnummer med 11 siffer, telefonnummer, adresse og postnummer **må** fyllast ut.
- Evt. hjelpeverge eller fullmektig sitt namn fyllast ut.
- Søkjer kan nytte ein fullmektig som opptre på søkjer sine vegne. Dersom fullmektigen ikkje er advokat, må skriftleg fullmakt frå søkjer ligge ved.

2. Kva tenester får søkjer i dag som treng koordinering?:

Beskriv kva søkjer får hjelp til, og frå kven i skjemaet. Under punkt **anna**, kan søkjer beskrive evt. andre tenester som ikkje er nemnt i skjemaet.

3. Grunngeving for søknaden.

Beskriv kvifor det vert søkt om individuell plan. Dette punktet **må** fyllast ut av søkjer.

4. Ynskje om koordinator.

Her kan namnet på den som er ynskt som koordinator skrivast, men kommunen kan ikkje garantere at søkjer får denne personen.

5. Samtykke/fullmakt/reservasjon.

For å behandle søknaden, treng ein søkjaren si fullmakt til å innhente naudsynte opplysningar. Hensikta med å innhente opplysningar er at søkjer sin situasjon skal verte skikkeleg kartlagd, slik at vedtak om tenester vert fatta på rett grunnlag.

Søkjer har rett til å reservere seg mot at saksbehandlar/kommunen innhentar informasjon frå andre enn søkjer sjølv. Er det forhold som gjer at søkjer ynskjer å reservere seg mot dette, ber ein om at søkjer oppgir dette i søknaden.

Søknaden vil i so fall bli behandla ut frå dei opplysningane som er blitt innhenta med søkjaren sitt samtykke.

Eige skjema for samtykke/fullmakt/reservasjon skal vere med søknaden i utfylt stand dersom det er mogeleg. Viss ikkje, ettersendast den og returnerast snarleg.

6. Signatur.

Kontroller at søknaden er fullstendig utfylt og bekreft dette med stad, dato og underskrift.